

GOL KOMMUNE

Kommunenes sentralforbund
v/Frode M. Lindtvedt
Fylkeshuset
3020 DRAMMEN

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
026 & 13	04/01844 - 009 - LL		28.01.05

HØYRINGSUTTALE PÅ DISTRIKTSKOMMISSJONEN SI UTGREIING NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKT OG LOKALSAMFUNN OG KOU 2004:1 STERKE REGIONAR

Gol formannskap har drøfta disse to utgreiingane. I og med at dei omhandlar same tema med litt ulike innfallsvinklar vil formannskapet behandle de under eitt og gi en samla uttale som vert sendt KRD og KS. Formannskapet har avgrensa seg til hovudpunkta i utgreiingane.

Sjølv med vesle Noreg er det naturleg at staten har behov for eit nivå mellom seg og kommunane til å setje statens politikk ut i livet. Alternativet vil være store kommunar eller eit sterkt fylkesmannsembete. Vi ser korleis staten regionaliserer sine statlege verksemder enten det er trygd, likning/skatt, politi, mattilsyn, sjukehus, NSB, Jernbaneverket, ymse direktorat og tilsyn. Det blir veldig teknokratisk, rammestyrt og isolert økonomisk.

Formannskapet i Gol er av den meining at eit sterkt politisk styrt mellomnivå er beste løysinga for den offentlege tenesteproduksjonen og utvikling av dei ulike delane av landet. Dette nivået må få oppgåver som NOU 2004:19 gjer greie for i si fleirtalsinnstilling.

Oppgåver som ikkje har med statleg tilsyn og kontroll å gjere i fylkesmannsembeta i dag, må og leggjast til dette nivået, om ikkje desse embeta heilt kan leggjast ned til fordel for regionnivået.

Talet og geografien på nye regionar er for Gol mindre viktig på dette tidspunktet i prosessen, men vi reknar med å få eit forslag frå regjeringa til høyring dersom denne organiseringa vert valt.

Valkrinsar til Stortingsval må handsamast nøye. Faktorar som kontakt mellom veljar og valde, representasjon frå heile landet og framtidig tillit til folkevalde organ må vega tungt.

Gol formannskap erkjenner at organisering i regionar vil få stor konsekvens for kommuneinndelinga. Utrekningane som er gjort dersom Gol og Hemsedal kommunar slår seg saman syner at den økonomiske gevinsten er svært liten, og etterkvart vert redusert til nesten null når inndelingstilskotet vert borte. Tross alt dreier kommunal verksemd seg for det aller meste om økonomiske rammevilkår. Det er difor naturleg at skepsisen til friviljug samanslåing er stor når kommunane skal slå seg saman for at staten skal spare pengar.

05000762 br2 dok 009 side 1

Adresse: Gamlevegen 4
Poststad: 3550 Gol
Org.nr.: 964952612

Telefon: 32 02 90 00
Telefax: 32 02 90 10
E-post: postmottak@gol.kommune.no

Bankgiro: 23240500051
Bankgiro skatt: 78550506172




HALLINGDAL

Gol formannskap er av den meining at korleis den samla offentlege forvaltninga i Noreg skal være, er utgreidd over lang tid, utan synlege resultat. Det er no tid for kraftfull handling frå sentralt politisk hald, eller legge spørsmåla fullstendig bort for lang tid framover. Vi må slutte med å lage store utgreiingar med stor innsats til høyringsrundar, utan at det blir anna enn kosmetiske endringar.

Ver venleg å oppgi vår referanse ved kontakt pr. brev eller telefon.

Med helsing



Jan Halvard Brekko
Ordfører

Likelydande brev til: Kommunenes Sentralforbund. Postboks 1378 Vika. 0114 OSLO
Kommunal – og regionaldepartementet. Postboks 8112 DEP.
0032 OSLO

Kopi til: